

Saksprotokoll 26.05.2020 - fylkeseldrerådet

Harald Ekroll sette fram slikt forslag:

«Fylkeseldrerådet i Vestland har merka seg punkt. 8.2 Møtegodtgjersle i dokumentet «Folkevalde i Vestland - rettar og plikter». Rådet vil koma med ei oppmoding om at det vert teke ein gjennomgang av dokumentet på nytt, særleg det som omhandlar møtegodtgjersle. Dette for å få det meir tilpassa dagens tilhøve for bl.a. medverknadsorgana i fylket.

Rådet meiner at då reglane vart vedtekne var ikkje Vestland fylke starta opp, og ein hadde ikkje fullgod oversikt over kor mange oppgåver og kor mykje arbeid det inneberer å vera medlem av eit medverknadsorgan som t.d. fylkeseldrerådet. Når ein no erfarer at medleamar i rådet må delta i ymse arbeidsgrupper og andre samlingar/møter - t.d. i det regionale støtteapparatet for «Leve heile livet» og «Eit aldersvenleg samfunn» samt ein del andre prosjekt - så gjev ikkje nokon av desse rett til møtegodtgjersle. Dette er oppgåver som fylkeskommunen har uttalt og informert oss om pr. brev på at det er viktig at rådet er med på. Det verkar då urettvist at det ikkje vert betalt møtegodtgjersle for deltaking i slike møter.

Rådet meiner at det må betalast møtegodtgjersle for alle møter som rådsmedlemene deltek i når det er vedtak i rådet om at medleamar skal utføre oppgåva.

Ut frå argumentasjonen over ser vi det som turvande at det vert teke ein gjennomgang av reglane som gjeld i dag.»

Avrøysting

Ekroll sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkeseldrerådet i Vestland har merka seg punkt. 8.2 Møtegodtgjersle i dokumentet «Folkevalde i Vestland - rettar og plikter». Rådet vil koma med ei oppmoding om at det vert teke ein gjennomgang av dokumentet på nytt, særleg det som omhandlar møtegodtgjersle. Dette for å få det meir tilpassa dagens tilhøve for bl.a. medverknadsorgana i fylket.

Rådet meiner at då reglane vart vedtekne var ikkje Vestland fylke starta opp, og ein hadde ikkje fullgod oversikt over kor mange oppgåver og kor mykje arbeid det inneberer å vera medlem av eit medverknadsorgan som t.d. fylkeseldrerådet. Når ein no erfarer at medleamar i rådet må delta i ymse arbeidsgrupper og andre samlingar/møter - t.d. i det regionale støtteapparatet for «Leve heile livet» og «Eit aldersvenleg samfunn» samt ein del andre prosjekt - så gjev ikkje nokon av desse rett til møtegodtgjersle. Dette er oppgåver som fylkeskommunen har uttalt og informert oss om pr. brev på at det er viktig at rådet er med på. Det verkar då urettvist at det ikkje vert betalt møtegodtgjersle for deltaking i slike møter.

Rådet meiner at det må betalast møtegodtgjersle for alle møter som rådsmedlemene deltek i når det er vedtak i rådet om at medleamar skal utføre oppgåva.

Ut frå argumentasjonen over ser vi det som turvande at det vert teke ein gjennomgang av reglane som gjeld i dag.